
Vår referanse 2020/47597-5
Dato 18.11.2020

Kvinnherad kommune
v/Mette Hjelmeland
Rosendalsvegen 10
5470 ROSENDAL

Søknad om dispensasjon i sak om arealoverføring frå gbnr 185/1 til 185/84.
Dykkar ref.: 2018/1874.

Innleiing

Vi viser til vår søknad om arealoverføring datert 27.10.2020 som gjeld fullføring av ei sak frå 2004 om overføring av eit areal på 337,9 m2 frå gbnr 185/1 til gbnr 185/84 på Valen i Kvinnherad.

Gjeldande kommuneplan, som vart vedtatt 22.03.2018, har føresegner som kun tillet tilleggsareal på opp til 200 m2. Vi søker derfor om dispensasjon frå punkt 3.1.2 under 3. *Bygningar og anlegg* i føresegnene.

Historikk/bakgrunnen for søknaden om dispensasjon

Kvinnherad kommune har tidlegare gjeve løyve til overføring av arealet på 337,9 m2 frå gbnr 185/1 til gbnr 185/84. Dette skjedde i 2004 og skulle gjennomførast som ei grensejustering.

Bakgrunnen for søknaden om grensejustering var at Solstrand Valen AS, eigar av 185/84, hadde behov for eit parkeringsareal til bruk for 185/84, og selskapet kjøpte derfor ein parsell av naboeigedomen 185/1, tilhøyrande Hordaland fylkeskommune. Kommunen gjennomførte oppmåling og målebrevet vart gjort klar for tinglysing.

Arealet på 337,9 m2 har sidan 2004 vore nytta av 185/84 til parkering.

Først 14 år seinare, i 2018, oppdaga Solstrand Valen AS at parkeringsarealet ikkje var blitt innlemma i selskapet sin eigedom. Selskapet kontakta derfor fylkeskommunen, som igjen kontakta kommunen. Kommunen undersøkte i arkiva sine, og det kan tyde på at fylkeskommunen har bedt om at saka vart midlertidig stoppa i 2004, og ein deretter har gløymt å gje melding til kommunen om at saka skulle slutførast.

I 2019 vart vi informert om at saka ikkje kunne avsluttast som ei grensejustering så mange år seinare, og i brev av 13.11.2019 vart det opplyst at for å løyse saka måtte vi søke om arealoverføring.

Avslutning

Utgreiinga ovanfor, saman med søknaden om arealoverføring datert 27.10.2020, viser at denne saka har ein heilt spesiell historikk som gjev grunnlag for å gje dispensasjon.

Som nemnt har det tidlegare vore gitt løyve til overføring av arealet på 337,9 m2. Sjølv om arealet er over 200 m2, er det likevel ikkje ei stort areal som skal overførast. Eigar av 185/84 har kjøpt arealet og har nytta det som sitt eige i over 16 år. Arealet har ein svært viktig funksjon for eigedomen, og eigar har eit stort behov for å få formalitetane på plass. Ei arealoverføring vil ikkje føre til endring av bruken, og vil ikkje ha negative samfunnsmessige konsekvensar eller negative konsekvensar for nabo.

Nabovarsling

Vi har innhenta naboliste og har varsla nabo om søknaden om arealoverføring. Det kom ingen merknader innan fristen, og vi kan ikkje sjå at det skal vere behov for nabovarsling av søknaden om dispensasjon. Vi ber derfor om unntak for varsling.

Dersom det skulle vere spørsmål, kan underteikna kontaktast pr e-post guro.klyve@vlfk.no eller pr tlf. 98212267.

Med helsing

Guro Klyve
Seksjonssjef

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift